

ÅRSMELDING FOR NORSK MÅLUNGDOM 2008-2009

1. Innleiing

Norsk Målungdom (NMU) arbeider for at alle i Noreg skal velje å skrive nynorsk i staden for bokmål, og for å styrkja dialektane. Til grunn for målreisinga ligg ein breiare strid for norskdom, nasjonal sjølvråderett og folkeleg daning. Norsk Målungdom vil organisere ungdom til å føra denne striden.

Sentralstyret og skriarstova i Norsk Målungdom held til i Schweigaards gate 16 i Oslo. Det har ikkje vore ulukker eller sjukefråvere i 2008. Verksemda Norsk Målungdom ureinar ikkje det ytre miljøet. Norsk Målungdom praktiserer likestilling, og er mot diskriminering på grunnlag av språk, kjønn, seksualitet, etnisitet, livssyn eller funksjonshemming.

Landsstyret vurderer det slik at det framleis er grunnlag for vidare drift av organisasjonen. Landsstyret har sett opp årsrekneskapen for 2008 under denne føresetnaden.

Ved utgangen av arbeidsåret 2008-09 hadde målungdomen 27 lokallag. I 2008 hadde Norsk Målungdom 1480 medlemmer. 1173 medlemmer var under 26 år, sokalla teljande medlemmer. Talet på lokallag har gått ned med 2. Medlemstalet har gått ned med 61 medlemmer, men talet på teljande medlemmer har gått opp med 9.¹

I 2008 fekk NMU gjennomslag i fleire saker vi har arbeidd med i lang tid. 26. september kunne folk over heile landet for fyrste gong på 23 år sjå ein nynorskteksta kinofilm, som eit direkte resultat av NMU-kampanjen «Dude, where's my språk?». 22. oktober blei det klart at kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell løyvde seks millionar ekstrakroner til nynorske læremiddel, i tillegg til å lansere ei rekkje tiltak som skal betre stoda for nynorskelevane.

2. Organ i Norsk Målungdom

2.1 Landsmøtet

Landsmøtet 2008 var 28.-30. mars på Vangen skule på Voss. Landsmøtetalen var ved fornyingsminister Heidi Grande Røys.

Landsmøtet vedtok desse fråsegnene:

- «Nynorsk til Vossaungane»
- «Sjå til Finland»
- «På høg tid med morsmål»
- «Norsk Målungdom og Kristen-Noreg» (Oversendt landsstyret)

¹ Disse tala er enno ikkje reviderte.

2.2 Landsstyret

I perioden 2008-09 har desse sete i landsstyret:

Frå landsmøtet til 13. juli:

Jens Kihl (leiar)

Ida Ulrikke Lind Sægrov (nestleiar)

Etter 13. juli:

Jens Kihl (leiar)

Maria Kristine Svendsen (politisk nestleiar)

Ida Ulrikke Lind Sægrov (organisatorisk nestleiar)

På val i 2009:

Jarle Fagerheim

Agnete Jovall

Kristin Fridtun

Víkþórr Veggiss Berurjóðr

Kristian Weibye

Kristina Leganger

Klepp i Rogaland

Brumunddal i Hedmark

Elverum i Hedmark

Sokndal i Rogaland

Oslo

Bergen i Hordaland

På val i 2010:

Tjerand Haugen Havrevoll

Anne Guro Sture

Vida Sundseth Brenna

Joakim F. Rønningen

Jostein Avdem Fretland

Elise Espelund Kjøsletten

Suldal i Rogaland

Stavanger i Rogaland

Oslo

Skien i Telemark

Lærdal i Sogn og Fjordane

Lesja i Oppland

Vara:

1. Tone Rossow

2. Lars T. Frengstad

3. Marius Taraldsen

4. Siv Ådnegard Skulstad

5. Eirik Tengesdal

6. Eva Hotlthe Enoksen

7. Eirik Wixøe Svela

8. Synnøve Midtbø Myking

Asker i Akershus

Orkdal i Sør-Trøndelag

Austevoll i Hordaland

Sogndal i Sogn og Fjordane

Bjerkreim i Rogaland

Stavanger Rogaland

Dalane i Rogaland

Lindås i Hordaland

Landsstyret er det høgaste politiske organet i Norsk Målungdom mellom landsmøta, og har hatt seks møte. Møta har vore gode, og oppmøtet har vore merkbart betre enn førre periode. Mange av landsstyrepreressantane har dessutan drege i gang godt målarbeid lokalt.

I perioden har landsstyret vedteke desse fråsegnene:

- «Noreg kan verta eit språkteknologisk u-land»
- «Ja takk til ny og breiare papiravis!»
- «Lokal forankring med nynorsk nettbank»

- «Med NSB for dialektmangfaldet»
- «Departementa legg opp til lovbrott»
- «Ikkje få panikk!»
- «Til lukke med sigeren, BlackSheeps!»
- «Språkleg rettferd for kviterussisk»
- «Femtiårsmåla» (internfråsegn)
- «Språkmelding som lover godt»
- «Opera for heile landet»
- «Gjer nynorsk til eit reelt alternativ!»
- «Kva med samisk?»

Landsstyret har òg delt ut den årlege dialektprisen. Denne gongen gjekk han til Linda Eide.

Landsstyret sette ned desse nemndene:

Bladstyret

- Synnøve Midtbø Myking
- Klaus Kristiansen
- Maria Svendsen
- Vebjørn Sture
- Vida Sundseth Brenna

Bladstyret har andsvaret for å skaffe stoff til og få gjeve ut Motmæle. Leiaren i NMU er andsvarleg redaktør for Motmæle. Maria Svendsen har vore bladstyrar. Vebjørn Sture har vore setjeandsvarleg, og teke seg av lysingar og økonomi. Motmæle har kome ut med fire nummer sidan førre landsmøte, og hatt møte med ordskifte om bladbudnen. Motmæle har ein stabil økonomi, og får nokre innkomer gjennom lysingar og eksterne tingarar.

Internasjonalt utval

- Eirik Wixøe Svela
- Tone Rossow
- Kristina Leganger
- Birgitta Lim Ersland
- Jens Kihl

Internasjonalt utval har hatt mange prosjekt i denne perioden. Jens Kihl og Birgitta Lim Ersland hadde ein spanande tur til Vest-Sahara i juni 2008, som resulterte i foredrag på sumarleiren, eit hefte i samarbeid med Vest-Sahara-komiteen og tekst i Motmæle. På mangfaldsseminaret i oktober hadde vi ein innleiar frå Kviterussland. Elles har vi arbeidd med å få i gang eit Kviterussland-prosjekt, noko som kanskje blir meir reelt seinare. Gjennom heile perioden har det blitt arbeidd med eit EU-hefte, men det er framleis ikkje ferdig.

Nemnd for mangfaldsseminaret

- Eva Holthe Enoksen
- Jarle Fagerheim
- Jostein Avdem Fretland

Nemnda arbeidde fram til sumarleiren med å gje innspel på dei overordna rammene til mangfaldsseminaret, og å kome med framlegg til innleiingar og andre punkt. Sentralstyret tok desse førebuingane med seg inn i arbeidet med tilskipinga.

Studieutvalet

- Siv Ådnegard Skulstad
- Jarle Fagerheim
- Janne-Kristin Svarstad Nygård
- Bror-Magnus Sviland Strand

I arbeidsperioden 2008-2009 la studieutvalet grunnmuren for NMU-skulen – ein studiedatabase på internett. Det har så langt resultert i tre studieopplegg tilgjengeleg på vevsidene.

Studentutvalet

- Ida Ulrikke Lind Sægrov
- Astrid Marie Grov
- Hjørdis Marie Longva
- Vegard Troøyen Foseide
- Kjell-Sindre Schmidt

Studentutvalet har til oppgåve å forme ny studentpolitikk for NMU. Det har berre vore sporadisk kontakt i studentutvalet i perioden.

Økonomiutvalet

- Ola Haugen Havrevoll
- Synnøve Midtbø Myking
- Vebjørn Sture
- Sylvia Marita Hovland

Økonomiutvalet har hatt eitt møte i perioden, i tillegg til sporadisk kontakt per e-post. Utvalet utarbeidde tidleg ein plan over prioriterte oppgåver, men arbeidet med sjølve oppgåvene har

for det meste stått stille. Utover dette har nemnda laga nokre standardskjema.

2.3 Sentralstyret

På landsmøtet blei desse valde inn i sentralstyret:

Leiar: Jens Kihl	Oslo
Politisk nestleiar: Maria Kristine Svendsen	Oslo
Organisatorisk nestleiar: Ida Ulrikke Lind Sægrov	Stavanger i Rogaland
Økonomiandsvarleg: Vebjørn Sture	Stavanger i Rogaland
Skrivar: Janne Nygård	Jølster i Sogn og Fjordane
Styremedlem: Birgitta Lim Ersland	Bergen i Hordaland
1. vara: Odin Omdal Hørthe	Stavanger i Rogaland
2. vara: Sylvia Marita Hovland	Kristiansand i Vest-Agder
3. vara: Klaus Kristiansen	Råde i Østfold

På fyrste landstyremøte i perioden supplerte landsstyret inn Leif Arne Storset som sentralstyremedlem. Han blei altså supplert inn før sentralstyreperioden tok til.

Fram til sumarleiren sat desse i sentralstyret:

Leiar	Jens Kihl	Oslo
Nestleiar	Ida Ulrikke Lind Sægrov	Stavanger i Rogaland
Økonomiandsvarleg	Sylvia Marita Hovland	Kristiansand i Vest-Agder
Skrivar	Maria Kristine Svendsen	Oslo
Sentralstyremedlem	Odin Omdal Hørthe	Stavanger i Rogaland
	Klaus Kristiansen	Råde i Østfold
1. vara	Hans Petter T. Strøm de Fine	Bergen i Hordaland
2. vara	Astrid Marie Grov	Tinn i Telemark
3. vara	Morten Elster	Oslo

Sentralstyret har møte kvar tysdag utanom feriane, og legg ned eit stort arbeid òg mellom møta. Arbeidsfelleskapen har jamt over fungert godt. Arbeidet med tilskipingar, målferd og kampanjar har teke store delar av tida. Studieaktiviteten i sentralstyret har vore prioritert i perioden. Sentralstyret har nytta tid på lags- og medlemsoppfølging, men dette kan alltid bli betre. Vi har hatt minst eitt medieoppslag kvar veke så og seie heile perioden.

2.4 Valnemnda

Landsmøtet valde denne valnemnda for arbeidsåret 2008-2009:

Janne-Kristin Svarstad Nygård
Vegard Andreas Titlestad
Eva Holthe Enoksen

Varafolk:

1. André Midtskogseter Reite
2. Maria Kristine Svendsen

2.5 Skrivarstova

Fram til juli var Maria Kristine Svendsen tilsett som skrivar i full stilling, i tillegg til at Vebjørn Sture var utplassert som sivilarbeidar. Etter sumaren overtok Janne-Kristin Svarstad Nygård stillinga som skrivar, i tillegg til at Bror-Magnus Sviland Strand var sivilarbeidar frå 16.09. Jens Kihl var leiar i halv stilling heile perioden, med unntak av perioden etter 13.01, då han gjekk ned til 15 % stilling.

Skrivarstova har andsvaret for den daglege drifta av Norsk Målungdom. Viktige arbeidsoppgåver er å organisere målferder, praktisk organisering av kurs og konferansar, svare på ulike førespurnader, utsending av tilfang og informasjon til medlemene, lokallagsvitjingar, mediarbeid, oppdatering av heimesidene, det daglege økonomiarbeidet og oppdatering av medlemsregisteret.

3. Dette gjorde Norsk Målungdom i 2008-2009:

3.1 Hovudmål

Arbeidsprogrammet for 2008-09, vedteke på landsmøtet på Voss, slo fast at det viktigaste arbeidet Norsk Målungdom gjer, er å auke talet på nynorskbrukarar. Dette målet gjennomsyrrer arbeidet med alle dei andre sakene våre.

3.2 Politiske prioriteringar

På landsmøtet blei desse politiske prioriteringane sett opp for arbeidsåret 2007/2008:

1. Nynorsk, innvandring og mangfald
2. Nynorsk i media
3. Nynorsk i skulen

3.2.1 Nynorsk, innvandring og mangfald

For fyrste gong valde ein målorganisasjon å prioritere desse problemstillingane aller øvst i arbeidsprogrammet. Noko av det viktigaste arbeidet har dimed vore å auke kunnskapsnivået på dette feltet i heile organisasjonen.

3.2.1.1 Nynorsk og innvandring

I dag får dei fleste vaksne innvandrarar som kjem til nynorskområde norskopplæringa si på bokmål. Dei færraste får god morsmålsopplæring. I perioden har NMU arbeidd for å endre dette, gjennom mediarbeid, høyringsfråsegner, møte med politikarar og anna påverknadsarbeid. Det har òg vore viktig å få Noregs Mållag til å prioritere desse spørsmåla høgare, noko vi har lukkast med. Vi har ikkje prioritert arbeidet med å få slutt på at så mange elevar går over til norsk 2-ordninga, og har heller ikkje lukkast i å dra innvandrarorganisasjonar med i internskuleringa. Framlegget frå landsstyret til *Program for Noreg som eit fleirkulturelt samfunn* ligg føre, og skal etter planen handsamast på landsmøtet i Stavanger.

3.2.1.2 Internasjonalt arbeid

I perioden har det internasjonale arbeidet vore høgt prioritert. Jens Kihl og Birgitta Lim Ermland var på studietur til Vest-Sahara i juni 2008, og Maria Svendsen reiste med Ungdom

mot EU til Irland for å fylgje folkerøystinga om Lisboa-traktaten på tett hald. 6.-9. november deltok Norsk Målungdom som medtilskipar av Globaliseringskonferansen, og heldt i samarbeid med andre organisasjonar seminaret «Kva kan Noreg gjere for kurdarane?». Vi har arbeidd ein god del med EU-spørsmål i perioden, og har særleg delteke i Ungdomsalliansen mot Tenestedirektivet. Vi har elles lyfta fram våre perspektiv på EU-spørsmålet, og freista gjere dei meir sentrale i EU-ordskiftet. Vi har hatt internasjonale punkt på alle tilskipingar. Jens Kihl har vore medlem i den norske UNESCO-kommisjonen i perioden. Vi har delteke i samarbeidsforumet til Ungdom mot EU. Jens Kihl har sete i styringsgruppa for Ungdomsalliansen mot Tenestedirektivet, og i ein periode vore talsperson. Vi har hatt eit internasjonalt utval i perioden. Vi har ikkje prioritert arbeidet med å knyte band med utanlandske ungdomsorganisasjonar som er opptekne av språk og kultur.

3.2.1.3 Måldyrking

Arbeidet med å motverke bokmålisering og anglofisering er langsiktig og vanskeleg å måle resultata av. Dei viktigaste einskildtiltaka som ikkje fell under andre punkt i årsmeldinga er utdeling av dialektprisen til Linda Eide og arbeidet for å fremje (ny)norsk som akademisk språk. På mangfaldsseminaret i Bergen lanserte sentralstyret kampanjen som fekk namnet *Respekt for dialekt!*, og har mellom anna produsert argumentasjon, tilfang og idéhefte for lokallaga og byrja arbeidet med eit dialektopplegg for skulebruk. Vi har òg skulert LST og SST i mållova, slik at vi kan arbeide for at ho skal bli handheva betre enn i dag.

3.2.2 Nynorsk i media

Den viktigaste einskildhendinga i perioden var at folk i mange norske byar hausten 2008 kunne gå på kino og sjå *Tropa de Elite* med nynorske understekstar. Denne sigeren blei omtala som ei «domeneerobring» for nynorsken i språkmeldinga. Til skulestart produserte vi eit flygeblad til støtte for meir nynorsk i ungdomsblada. Denne kampanjen drukna i arbeidet med nynorske læremiddel. Utanom desse to tiltaka har vi ikkje prioritert dette arbeidsfeltet i perioden.

3.2.3 Nynorsk i skulen

3.2.3.1 Skulemål

Skulemål har vore ei viktig sak for heile organisasjonen i perioden, og vi har teke i bruk mange metodar for å nå måla i arbeidsprogrammet. Vi har delteke i det offentlege ordskiftet om nynorsk som hovud- og sidemål, skulert ungdomsparti, sendt ut flygeblad med oppmoding om å halde på nynorsken til alle tiandeklassingar og hatt tett kontakt med aktuelle politikarar og byråkratar om aktuelle spørsmål. Det ser ut til at fleire og fleire er interesserte i å ordskiftast om *korleis* sidemålsundervisinga skal vere, og ikkje berre *om* vi skal ha henne.

3.2.3.2 Læremiddel

Læremiddel er tradisjonelt ei sak NMU mobiliserer mykje på, og i år har vi hatt eit av dei viktigaste gjennombrota på fleire år. Med seks millionar ekstra kroner til nynorske parallellutgåver og ei «bestillarguide» frå Kunnskapsdepartementet er det markerte framsteg på dette feltet. Likevel kan vi ikkje seie oss nøgde: Det hjelper ikkje at Solhjell lovar «bestillarguide» så lenge han ikkje syter for å produsere denne rettleiinga. Norsk Målungdom og Noregs Mållag gjekk i haust saman om ein læremiddelkampanje der Birgitta Lim Erslandvar repesentant frå NMU. Nemnda tilsette Bror-Magnus Sviland Strand som kampanjesekretær. Kampanjenemnda var tenkt å vare ei god stund, men har ikkje hatt

aktivitet etter skulestartperioden.

I arbeidsperioden leverte Kunnskapsdepartementet stortingsmeldinga *Språk bygger broer*, som har ein uholdbar analyse av læremiddelstoda for nynorskelevane. NMU deltok på munnleg høyring i Stortinget om denne meldinga og tok opp mange av problema knytt til læremiddel. Vi har òg arbeidd opp mot Utdanningsdirektoratet for å syte for at den nye forskrifta til opplæringslova blir klårare enn den førre når det gjeld kva som er eit læremiddel og ikkje. Norsk Målungdom har vore i tet i Noreg på feltet nynorske læremiddel, og i stor grad fått definere kva som er dei viktigaste spørsmåla.

3.2.3.3 Målferd

Å reise på målferd er noko av det viktigaste Norsk Målungdom gjer. Målferd er skulevitjingar på vidaregåande skular, der NMU har ein eller to timar i kvar klasse. Vi legg fram synspunkta våre, ordskiftet og utfordrar elevane. Vi får reist målstriden i klassane! Vi får høve til å nå ut til store grupper ungdom og vi vervar mange på målferd.

Det er mest sentralstyret og skriarstova som reiser på målferd, men andre folk har òg reist. Det er viktig at endå fleire i organisasjonen er med på målferd. For å lære opp nye målfararar hadde vi eit målfararkurs på studentsamlinga og eit LST-møte. I arbeidsprogrammet står det at NMU skulle reisa på målferd til 60 skular. I arbeidsåret 2008-09 har vi vore på målferd på 59 skular. Det er òg verdt å nemne at vi på fleire av skulane har vore fleire gonger.

I perioden har vi vitja desse skulane:

Akershus:

Ås vgs

Nesodden vgs

Hordaland:

KVT vgs

Bømlo vgs

Kvinnherad vgs

Stord vgs

Framnes vgs

Aust-Agder:

Hornes vgs

Oppland:

Vinstra vgs

Otta vgs

Møre og Romsdal:

Ålesund vgs

Ørsta vgs

Volda vgs

Fagerlia vgs

Kristiansund vgs

Sunddal vgs
Atlanten vgs

Nord-Trøndelag:

Steinkjer vgs
Verdal vgs

Oslo:

Holtet vgs
Grefsen vgs
Ullern vgs
Foss vgs
Oslo Katedralskole
Oslo By Steinerskole
Eikelund vgs
Midstuen skole
Elvebakken vgs

Rogaland:

Hetland vgs
Godalen vgs
Ølen vgs
Haugalandet vgs
Øksnevad vgs
Sandnes vgs
Tryggheim vgs
St. Olav vgs
Koparvik vgs
Vardafjell vgs
Stavanger Katedralskole

Sogn og Fjordane:

Vassenden ungdomsskule
Eid vgs
Øyrane vgs
Hafstad vgs
Sogndal vgs
Dale vgs
Mo og Jølster vgs
Flora vgs
Flora ungdomsskule

Sør-Trøndelag:

Gerhard Schønings skole
Strinda vgs

Telemark:

Bø vgs

Skien vgs
Seljord ungdomsskule
Seljord barneskule

Troms

Breivang vgs
Breivika vgs

Østfold:

St. Olav
Frederik II vgs
Askim vgs

5. Organisasjonen

5.1 Målungdomslag

Lokallaga er sjølve grunnplanet i organisasjonen, og har ulike funksjonar og arbeidsfelt. I perioden har vi hatt desse laga:

Akershus

Asker og Bærum Målungdom (ny)

Hordaland

Bergen Målungdom
Studentmållaget i Bergen
Arna Målungdom
Kongshaug Målsamskipnad (Os)
Kvinnherad Målungdom (ny)
Bømlo Målungdom (ny)

Møre og Romsdal

Studentmållaget i Volda

Oppland

Luggum Målungdom (Lesja og Dovre)

Oslo

Målungdomen i Oslo
Katta Målungdom
Studentmållaget i Oslo
Berg Målungdom

Rogaland

Jæren Målungdom
Målsiddisane (Stavanger)
Dalane Målungdom
Kongsgård Elevmålslag
Midtbygdas Målungdom (ny) (Strand kommune)

Sogn og Fjordane
Firda Målungdom (Sandane)
Årdal Målgerilja
Førde Målungdom (ny)

Sør-Trøndelag
Studentmållaget i Nidaros
Måltrælan (Orkdal)
Flå Mållag

Telemark
Bø Målungdom (ny)

Vest-Agder
Kristiansand og omland Målungdom/Agder Målungdom (bytte namn i perioden)

Østfold
Oksnøya Målungdom

5.1.1 Skulelag

Laga har mange stader vore flinke til å synleggjere seg i nærmiljøet og i media, men fleire stader kunne aktiviteten vore større. Det verkar vere eit problem mange stader at laga ikkje er sikre på kva dei skal ta seg til. Det er viktig at organisasjon arbeider vidare med å finne spanande arbeidsoppgåver for skulelaga. Eit døme på dette er elevstreiken for nynorske læremiddel, der skulelaga var heilt avgjerande for at aksjonane vart vellukka og at me nådde fram med krava våre. Mange lag er òg særst gode på verving til organisasjonen.

5.1.2 Studentmållag

I hovudsak er studentmållagsarbeidet i NMU godt. Det er god aktivitet og kontinuitet i mange av laga, og kontakten mellom studentmållaga har vore god. Ida Ulrikke Lind Sægrov var tilsett som studentlagsskrivarar fram til sumaren. Stillinga har vore finansiert av studentmållaga medan NMU har stilt kontorplass til rådvelde, og denne ordninga har fungert godt. Studentlagsskrivaren har gjort mykje godt arbeid for studentmållaga, men òg stilt opp for NMU sentralt når det har vore bruk for det. I arbeidsperioden har det vorte skipa nokre nye lag. Diverre har ikkje kontinuiteten i dei eldre laga har vore god nok.

5.2 Organisasjonsbygging

5.2.1 Lagsbygging

Det blei skipa 6 nye lag i perioden. Dette er ein nedgang frå året før med 3 lag. Vi nådde ikkje målet om 30 lag i perioden, og heller ikkje målet om å ha studentmållag på alle universiteta og minst tre høgskular.

5.2.2 Verving

Fram mot sumarleiren hadde vi ein særst vellukka vervekampanje, og var veldig nære å nå målet om tusen teljande medlemmer til sumarleiren. Elles har vi rekruttert mykje via nettsidene

og på målferd. Gjennom året var det 1098 personar som melde seg inn eller bad om informasjon frå oss, mot 969 i 2007. 454 av desse svara medlemspengar, mot 346 i 2007.

5.2.3 NMU-skulen

Sentralstyret har hatt fleire studiemøte i perioden, og vi har hatt studiepunkt på landsstyremøta. Skulering er viktig for organisasjonen, og dette arbeidet burde vore prioritert endå høgare. Nokre lokallag har hatt studiemøte, men fleire burde ha nytta det studietilfanget me allereie har eller hatt møte med eige tilfang og emne. Vi har ikkje nådd målet om minst eitt studiemøte i kvart lag, og vi kan heller ikkje seie at studiearbeid er ein sentral aktivitet i organisasjonen. Det har blitt gjort ein del med NMU-skulen, mellom anna har studietvalet produsert eit hefte om nynorsken og internasjonale spørsmål.

5.3 Informasjonsarbeid

5.3.1 Motmæle

Motmæle er medlemsbladet til Norsk Målungdom og har ein dobbel funksjon. Utetter skal det gje eit best mogleg inntrykk av organisasjonen til dei som ikkje er medlemmer, og innerter skal det skape identitet og tilhøyrse hjå medlemene. Bladet skal vere eit organ for ordskifte, gje informasjon om kva som skjer i organisasjonen og skulere medlemene i ulike språk- og kulturpolitiske spørsmål. Det har kome ut 4 nummer av Motmæle i perioden. Vebjørn Sture sat som bladstyrar fram til sumaren, då Maria Svendsen overtok.

5.3.2 Verdsveven

Norsk Målungdom driv den nynorske nyhendesida nynorsk.no, har eigne heimesider på målungdom.no, og vi driv dessutan ei side om minoritetsspråk i Norden. nynorsk.no fungerer godt som ei nyhendeside om nynorsk og målsak. Vi fekk nye heimesider i perioden, og det blir no arbeid med å vidareutvikle desse. I perioden har heimesidene vorte oppdaterte med informasjon om kurs, tilskipingar, og aksjonar på ein tilfredsstillande måte. Likevel bør det vere langt fleire nyhendesaker enn i dag.

5.3.3 Elektroniske nyhendebrev

Sentralstyret har arbeidd med å lage eit system for elektroniske nyhendebrev, men har ikkje sendt ut nokon i perioden.

5.3.4 Tilfang

I perioden har NMU produsert jakkemerke og liknande.

5.3.5 Blest

Gjennom heile året har det blitt gjort mykje pressearbeid, og dei fleste oppslaga har kome på saksfelte skulemål og media.

Vi har delteke på sumarleirane til Raud Ungdom, Natur og Ungdom, Sosialistisk Ungdom, Ungdom mot EU og Unge Venstre. Vi har dessutan hatt helsingstale på landsmøta i Ungdom mot EU og Noregs Ungdomslag, synt oss fram på Målrock og delteke på Barne- og Ungdomstinget til LNU.

5.4 Kurs og tilskipingar

Det å skipa til kurs har vore noko av det leiinga i NMU har prioritert høgast. Å halde kurs og tilskipingar er noko av det som styrkjer organisasjonen mest. Det er særleg verdt å merke seg at alle kurs og tilskipingar denne perioden har fått uvanleg gode attendemeldingar frå deltakarane.

5.4.1 Mangfaldsseminar

10.-12. oktober skipa NMU til mangfaldsseminar i Bergen. Ei landsstyrenemnd blei sett ned på våren for å kome med innspel til kva program som ville høve. Det var kring femti deltakarar på seminaret. Blestinga skjedde for ein stor del på nettet, noko som synte seg å fungere godt. Mellom høgdepunkta bør ein særleg trekkje fram morsmålsdemonstrasjonen laurdag ettermiddag i Bergen sentrum.

5.4.2 Sumarleir

I år var sumarleiren 8.-13. juli i Aurland i Sogn. Det var kring førti deltakarar på sumarleiren. På programmet var det mellom anna punkt om globalisering, EU, all verdas språk, dialektar, nynorsk i skulen og nynorsk litteraturprosjekt. Tradisjonelle innslag som Den store NMU-melodikappleiken og fotballturneringa var òg med, og blei sett pris på. Sumarleiren var ei vellukka tilskiping, med ei fin blanding av gamle og nye aktivistar, og eit godt balansert program. Det blei lagt vekt på å ta i bruk den flotte naturen i Aurland, og Aurland kommune var ein viktig medhjelpar i arbeidet med førebuing og gjennomføring.

5.4.3 Vinterleir

Med kring 35 deltakarar, godt program og masse snø blei vinterleiren gjennomført i Kviteseid i Telemark helga 23.-25. januar. Språkmangfald, ski, retorikk, integrering i Vinje kommune og linene i norsk målreising var mellom programpunkta.

5.4.4 Studentsamling

Studentsamlinga blei skipa til av Studentmållaget i Nidaros helga 26.-28. september. Samlinga var særst vellukka, jamvel om oppmøtet kunne vore betre. Både det faglege og sosiale utbytet var stort, og SmiN fortener honnør for den store innsatsen dei la ned for å gjere helga så god som ho blei.

5.4.5 Regionale tilskipingar

Lokallaga i Rogaland skipa saman til eit landsmøteførebuaende seminar med deltaking frå skriarstova.

5.5 Noregs Mållag

Landsmøtet valde Jens Kihl til representant i styret til Noregs Mållag med Maria Kristine Svendsen og Astrid Marie Grov som varafolk. Birgitta Lim Ersland har vore representanten til Norsk Målungdom i landsrådet til Noregs Mållag, med Odin Omdal Hørthe og Janne-Kristin Svarstad Nygård som varafolk. Leiaren i Norsk Målungdom har òg møtt på landsrådsmøtet, med nestleiaren som vara. Til valnemnda i Noregs Mållag blei Hans Petter T. Strøm de Fine vald som NMU-representant med Vebjørn Sture og Ulrikke Sægrov som varafolk.

Norsk Målungdom har hatt eit godt samarbeid med Noregs Mållag i perioden. Vi deler kontor

med Noregs Mållag, som fører til tett kontakt, og dei dekkjer mange utloger for oss. Vi har samarbeidd om fleire politiske saker, og freistar koordinere oss opp mot styresmakter, media og liknande.

5.6 Organisasjonskultur

Vi har ikkje prioritert arbeidet med å gjere NMU til ein meir miljøvenleg organisasjon. Vi har ikkje kjeldesortring på skrifvarstova, av di huseigar ikkje vil etablere det. Vi har hatt jente- og guteføremøte på sumarleiren. Å ha likevekt mellom kjønna har vore viktig for arbeidet med å finne innleiarar til tilskipingar og liknande. For det meste ber Norsk Målungdom preg av god organisasjonskultur, men dette er eit arbeid ein alltid må halde fram med.

6. Økonomi

Rekneskapen for 2007 var ikkje klar til landsmøtet på Voss i 2008, og kunne difor ikkje godkjennast før på landsstyremøtet 10. juli, etter fullmakt frå landsmøtet. Årsrekneskapen blei dimed hovudprioritet i økonomiarbeidet fram til sumaren. Etter at rekneskapen var i orden, fekk vi større høve til å prioritere resten av økonomiarbeidet, og den økonomiske styringa og strukturen har blitt betra i takt med dette. Norsk Målungdom har framleis stor gjeld til Statens Innkrevingsentral (SI). Attendebetalingssavtalen med SI er fornya, og sett at vi får halde på desse vilkåra til gjelda er nedbetalt, lyt vi framleis gå med nærare 300 000 kroner i driftsoverskot kvart år i drygt fem år til.